

Dato: 30.11.2023
Vår referanse: 2023/4624/347

Sunnfjord Venstre
Daniel Lira Figueiredo
danielsunnfjord@gmail.com

Vedtak om formell åtvaring for brot på fristen for rapportering av bidrag motteke i valår

I brev av 10. oktober 2023 varsla Partilovnemnda om mogleg vedtak om formell åtvaring eller avkorting i statsstøtta fordi Sunnfjord Venstre har rapportert eit bidrag på kr. 25 000,- frå Atle Hamar etter fristen fastsett i partilova § 18 fjerde ledd. [Partifinansiering.no](#) syner at bidraget vart motteke 4. juli 2023, men først rapportert 17. august 2023, dvs. 16 dagar etter at fristen gjekk ut.

Partileddets merknader

I e-post av 22. august 2023 forklarar Ole-Magnus Kapstad, kasserar i Sunnfjord Venstre:

«Eg har vore kasserar i Sunnfjord Venstre i fleire år, har ført rekneskap i Excel Ark som har vore godkjend av revisor og årsmøte i alle desse år. Ordninga med partiportalen og partirekneskap vart eg først gjort kjent med no i 2023, og har heller ikkje motteke nokon form for opplæring i ordning. Så lenge eg har vore kasserar, har vi heller aldri fått bidrag som har overstige kr 10 000,- før dette aktuelle bidraget.

9. august 2023 får eg oversendt epost frå Sunnfjord Venstre der det blir vidaresendt melding med påminning om rapportering av evnt bidrag i valgåret 2023. I denne eposten står det at "Rapportering skjer gjennom det nye systemet Partiregnskap". Det er omtrent på samme tid eg ser i nettbanken at det er komt inn bidrag på blant anna kr 25 000,-.

Eg brukar deretter tid på å prøve å sette meg inn i den nye ordninga, og prøvde etter beste evne å forsøke å sette meg inn i dette ved hjelp av brukarmanual etc. Eg er ikkje økonomiutdanna, men forklaringane som blir brukt ved dette systemet, samt brukarmanualen, er lite brukarvennleg og tungt prega av eit språk som er uforståeleg for ein ikkje-økonom.

Som de ser av vedlagde e-post korrespondanse med partiportalen 17. august hadde eg behov for rettleiing til å kunne klare å bokføre noko som helst. Etter dette klarte eg å bokføre bidraget, utan at eg på noko vis kan garantere at dette er gjort slik dette systemet legg opp til.

Håpar denne forklaringa både kan sette lys på det aktuelle de spør om ei dykker brev, men også generelt om eit system som framstår svært lite brukarvennleg for ikkje-økonomar som forsøker å drive politisk arbeid på dugnadsbasis.»

Partilovnemnda sitt syn på saka

Ei av Partilovnemnda sine oppgåver er å gjere vedtak om forvaltningsaksjon når eit parti eller partiledd har brote reglane i partilova § 18 fjerde ledd. Rett rapportering og publisering av bidrag i valår er viktig for å realisere lova sitt formål om openheit om finansieringa av dei politiske partia. Manglande kunnskap om regelverket eller sviktande interne rutinar gjev ikkje grunn til å bryte lova. Partiet/partileddet har sjølv ansvar for å organisere seg slik at reglane vert følgde.

Fristen for å rapportere bidraget på kr. 25 000,- gjekk ut fire veker etter at det vart motteke. Då saka 9. august 2023 fekk merksemd i partileddet, var det altså gått ei veke sidan rapporten skulle vore sendt. Dernest gjekk endå ei veke før kasseraren tok kontakt med Statsforvaltaren i Vestland for å få rettleiing om korleis han kunne få rapportert gjennom partiregnskap.no.

Partilovnemnda kan altså ikkje sjå anna enn at forseinkinga skuldast sviktande interne rutinar i partileddet. I samsvar med praksis finn nemnda difor grunn til å reagera med vedtak om formell åtvaring. Åtvaringa inneber ei prøvetid på to år frå vedtaksdato. I prøvetida kan nye brot på partilova eller partilovforskrifta bli sanksjonert strengare enn det som elles ville ha vore praksis, typisk gjennom vedtak om avkorting i stønaden etter partilova.

Med heimel i partilova § 24 andre ledd, jf. § 28 og § 18 fjerde ledd, treffer Partilovnemnda samrøystes følgande

vedtak:

Sunnfjord Venstre får formell åtvaring.
Åtvaringa gjeld i to år med verknad frå vedtakets dato.

Ein kan ikkje klaga på Partilovnemnda sine vedtak, jf. partilova § 28 nr. 2, og søksmål for domstolane er einaste mogelegheit til å få vedtaket overprøvd. Partilovnemnda kan likevel sjølv gjere om eit vedtak dersom det skulle vise seg å byggje på eit feil grunnlag eller omgjering elles kan skje på grunnlag av reglane i forvaltningslova § 35.

**

Vi gjer for ordens skuld merksam på at bidraget òg skal takast med i rapporten for rekneskapsåret 2023.

For Partilovnemnda

Evind Smith
leder

Daniel Giske
sekretariatsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:

Ole-Magnus Kapstad: omkapstad@gmail.com
Vestland Venstre: gro.gjelsvik@venstre.no